

Til Vestland fylke og Bømlo kommune

## POLITISK SAK OM MOSTER AMFI

Styret i Moster Amfi og Kyrkjehistorisk senter ber med dette om at det vert lagt fram ei sak for kommunestyre og fylkesting om status og framtidsutsikter for anlegget i Moster Amfi.

### **BAKGRUNN**

Bakgrunnen er at Moster Amfi skal vera arena for riksjubileet i 2024 og skal ivareta kulturarven på Moster etter 2024. .

I forprosjektet for Moster 2024 står det «det er eit uttalt mål for begge eigarane at ein ynskjer å styrke Moster amfi som arena og som formidlar av ein unik arv, og at aktiviteten skal vera høgare etter jubileet enn han er no...»

«Det vil vera svært positivt for anlegget i Moster Amfiet om jubileet i 2024 sette tydelege fysiske spor, og at dette auka aktivitet og attraktivitet.»

For å klara å styrka formidlinga og auka aktiviteten, melder me med dette frå om status i Moster Amfi og om kva som krevst for å nå denne målsettinga.

### **STATUS**

#### ***For få tilsette***

For få tilsette til å kunna oppfylle målsettinga i vedtektene og i forprosjektet til Moster2024 om formidling av verdiane på Moster.

Driftstilskotet pr. i dag dekkjer nesten berre personalkostnadene. Andre kostnader må dekkast av inntekter ein får frå arrangement som selskap. konsertar og andre events. Me er forplikta ut frå vedtektene til å driva formidling. Det er og forventa at me skal trappa opp arrangement retta mot barn og unge fram mot 2024. Med den bemanning me har i dag vil meir vekt på formidling gjera at andre arrangement, som gir oss inntening, fell vekk.

For framtida kan me ikkje basera oss på dugnad frå tilsette for å ting til å gå rundt, slik det i stor grad har vore til no.

### ***Store avvik som må lukkast***

Defekt ventilasjon, defekt lys i amfisalen, lekkasjar frå tak og på toalett og for svakt strauminntak.

## **STYRET BER DIFOR EIGARANE VÅRE OM**

### **Auka driftsstøtte:**

Kr 500 000 meir i driftsstøtte frå kvar av eigarane for å oppretthalda drifta og for å utvikla anlegget fram mot 2024, og ikkje minst etter 2024.

### **Lukking av avvik**

Skifta ut defekt ventilasjonsanlegg, stipulert til 800 000

Tetta lekkasjar frå tak , stipulert til 100 000

Nye toalett, stipulert til 50 000

Nytt strauminntak, stipulert til 40 000

Nytt lys i amfisalen, stipulert til 100 000

### **Oppgradering av utstilling**

Oppgradering av utstillinga «Frå heidendom til kristendom».

Stipulert til 1 500 000

### **Nybygg**

I det attståande arealet mellom inngongane bør det planleggjast nybygg i to etasjar med utstilling som fortel historia om Moster 1024 i andre etasje. Ny kafe og nytt kjøken i første etasje.

Ny scene innebygd for heilårsbruk.

Nytt backstageanlegg underscena med nytt toalett og sminkerom.

*Her må ein har arkitektar på banen og velja løysingar*

Styret i Moster Amfi og Kyrkjehistorisk senter

Ola Erslund

styreleiar